



**Breheimen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47
fmoppost@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Adresseliste

Saksbehandlar Eldrid Nedrelo

Vår ref. 2016/2828-19 432.2

Dykkar ref.

Dato 07.04.2017

Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde - Referat frå ope møte 30.03.17

Vi syner til invitasjon til ope møte om framlegg til Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde annonsert i Sogn Avis den 18.03.17.

Til saman var det 19 frammøtte, i tillegg til representantane frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Statens naturoppsyn (SNO), nasjonalparkforvaltaren og styreleiar for Breheimen nasjonalparkstyre.

Styreleiar i nasjonalparkstyret, Marit Aakre Tennø, opna møtet. Ho understreka at dette er eit utkast til skjøtselsplan som vil bli lagt ut på høyring slik at alle som ønskjer det får moglegheit til å kome med skriftlege innspel, og at det endå er rom for å redigere dokumentet. Det vart også gjort merksam på at planen er delt i to;

- ein generell del med skildring av prosess og gode råd om innhald til ein skjøtselsplan generelt. Denne delen er meint å vere eit hjelpemiddel for alle som skal utarbeide ein skjøtselsplan for eit heilskapleg kulturlandskap. Denne første delen er tenkt som bakgrunnsstoff for målgruppa der ein kan slå opp om råd for t.d. korleis ein kan få bukt med tistel eller tyrihjelmer i kulturlandskapet.
- ein spesiell del som gjeld Mørkridsdalen konkret, Utkast til Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Bolette Bele, NIBIO, presenterte innhaldet i planen, og det kom mange innspel, samt spørsmål til arbeidet. Bolette Bele, SNO og nasjonalparkforvaltaren svara på spørsmål. Til slutt orienterte nasjonalparkforvaltaren kort om den vidare prosessen med skjøtselsplan.

PRESENTASJON GENERELL DEL

Skjøtselsplanen vil vere eit hjelpemiddel for å ta vare på både biologiske kvalitetar og kulturminne. I dokumentet er det ein gjennomgang av kva ein skjøtselsplan er, der ein først og fremst har fokus på sjølve naturtypene, men ein grensar også mot kulturminne. Eit eksempel på det siste er buforvegen som er viktig å ha med fordi den har så stor tyding for å få fram dyr på beite, men som elles ville vore ein naturleg del av ein kulturminneplan.

Nasjonalpark	Breheimen
Naturreservat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



Vidare er ulike tilskotsordningar som kan vere aktuelle i arbeidet med skjøtsel av kulturlandskap presentert i den generelle delen av planen.

Skjøtselsplanen inneheld såkalla «bevaringsmål» som seier noko om korleis tilstanden i t.d. ei slåttemark skal vere. Måla vil saman med overvaking kunne gi råd om vidare skjøtsel av området.

NIBIO peika også på at dokumentet har eit eige kapittel med tilråding om korleis ein kan gå fram i arbeidet med ein skjøtselsplan, sjølv planprosessen. I arbeidet har ein sett på koplinga mot skjøtsel av kulturminne, men at det har vore ei stor utfordring at det ikkje er gjort kulturminnekartlegging i området.

Innleiingsvis i plandokumentet er det presisert kva kriterium som er lagt til grunn for val av lokalitetar som skjøtselsplanen femner om, t.d. at trua naturtypar har høg prioritet.

I dokumentet har ein m.a. gått nokså detaljert inn på haustingsskogen. Ein av hovudgrunnane til det er at kunnskapen om dette temaet ikkje er så godt samanstillt frå før.

Det er gitt konkrete råd for korleis ein kan handtere svarelista artar/problemartar, det er nemnt kva artar som er utfordrande.

Innspel og spørsmål:

- Det vart peikt på at namnebruken må vera eintydig, t.d. om ein skal skrive Mørkridsdalen - Mørkridsdalen, Mørkridsdalselvi – Mørkridselvi. Vi oppfatta at det er delte meiningar om kva namn ein nyttar lokalt, men at det viktige er at ein er eintydig i bruken i sjølv dokumentet og at dei fleste ynskjer å bruke «Mørkridselvi».
- Det bør definerast også i den spesielle delen kva ein skjøtselsplan er og kva ein skjøtselsplan skal innehalde.
- Den generelle delen må skiljast frå den spesielle delen om Mørkridsdalen i den endelege skjøtselsplanen for Mørkridsdalen landskapsvernområde.
- Det vart stilt spørsmål om kvifor ein vil blåbæra til livs? Det er gitt råd for korleis ein kan få ned mengda blåbærlyng i tidlegare grasareal, fordi det ikkje er naturleg å ha store mengder blåbær i beitemarka. Blåbær har høg beiteverdi, men i dei gamle kulturmarkene ønskjer ein dei gamle beiteartane. Tilsvarande ser ein at tyrihjelmer er eit problem på fjellstølane, den indikerer attgroing, mest fordi det no er lite storfe i fjellet. Tyrihjelmer reduserer beiteverdien. Arten toler ikkje tyngre trakk frå storfe.
- Det vart stilt spørsmål om ein ikkje har sprøytemiddel som fungerer? Finst det noko anna enn roundup som fungerer på spesifikke artar?

Det finst ikkje lettvinne tiltak for bekjemping av desse artane. NIBIO viser til at ein generelt ikkje bør nytta roundup i kulturlandskapet (jf. Miljødirektoratet), og at dette er eit fagleg utkast til skjøtselsplan med framlegg til tiltak ut frå den faglege kunnskapen NIBIO sit på.

I forlenginga av spørsmålet over vart det peikt på at ein bør kunne nytta roundup til rydding etter vegar, då det er alt for lite dyr på beite.



- Det vart stilt spørsmål om det er aktuelt å styre midlar mot å gjerde dyr som tek problemartane inne? Vi har eksempel på haustbeiteprosjekt med sau i området Knivabakkgjerdet – Knivabakkli i Mørkridsdalen, og eit prosjekt med haustbeite i Vigdalen, der det er gjort inn mindre areal med straumgjerde og der det beitar både sau, kyr og hest. I det siste tilfellet er det lagt opp til vekslende beiteareal i ein fireårsperiode. Slike tiltak kan vere aktuelle fleire stader.
- Det står om uønskte artar i dokumentet, men kva er ønskte artar? Er dette aktuelt å ha med i den generelle delen?

SPESIELL DEL - MØRKRIDSDALEN

Bolette Bele viste til at ein i denne delen har jobba ut frå eit overordna landskapsperspektiv, ein skildrar området på overordna nivå før ein går i detalj. Her ønskjer vi spesielt innspel på faktafeil.

Det er sett bevaringsmål for heile landskapet. Dvs. at det er definert konkret kva vi ønskjer å ta vare på.

I denne delen av planen er det jobba mykje med å finne representative areal for området og for ulike naturtypar. Vi ønskjer å dekke heile variasjonen frå dei lågaste partia og heilt opp i fjellet.

Det er kartlagt mange nye lokalitetar, og ein ønskjer eit mangfald av lokalitetar i skjøtelsesplanen. Både fjellstølane, haustingsskogen og eit par myrområde er viktige å ha med. I dei konkrete lokalitetsvurderingane ser vi at skjøtsel hjelper. For fleire av lokalitetane er verdiane justert opp i høve til vurderingane som har vore gjort i tidlegare kartleggingar.

NIBIO peika på det det ikkje var mogleg å besøke alle stølane i Mørkridsdalen i fjor sommar av omsyn til tilgjengelege ressursar. Fjellstølane har lik problemstilling, kjenneteikna går att og dei ulike lokalitetane har overføringsverdi til andre liknande lokalitetar. Dei definerte bevaringsmåla for t.d. slåttemark gjeld for både Dulsete og Knivabakkgjerdet og evt. nye lokalitetar av same slag som kjem til. Dvs. at det ikkje er utelukka lokalitetar i dokumentet. Det er kanskje andre lokalitetar som skal skjøttast, og i så fall bør det gjerast ei registrering. (Dette kan vere innspel til bestillingsdialogen). Det er først og fremst forvaltninga som må tenkje på bevaringsmåla, då dei gir råd i høve forvaltninga av verneområda.

For kvar naturtype, t.d. slåttemark, er det laga ei prioritert tiltaksliste først i kapitlet. Prioriteringa er gjort i høve kva det hastar mest å få gjennomført, t.d. er det tilrådd at jordskredet på Knivabakkgjerdet bør reparerast så fort som mogleg, då ein meiner at det hastar mest. På Dulsete og på Knivabakkgjerdet må ein gjere grep fordi slåtteareala blir beita for lenge om våren/sommaren. Desse areala ønskjer ein å ta vare på som slåttemark, ikkje som beitemark.

Det vart presisert at SNO og nasjonalparkstyret som oppfølging til bevaringsmåla skal overvake områda/areala det er sett bevaringsmål for, t.d. ved fotografering, registrering langs linjer osv. Det er skildra i planen korleis dette kan gjerast.



Lokalitetane som er skildra i skjøtselsplanen fungerer som referanselokalitetar for kva lokalitetar ein ønskjer å bruke. Det er også andre lokalitetar ein skulle besøkt, men som det ikkje var ressursar til. Lokalitetsskildringane vil bli lagt ut i Naturbasen etterkvart.

Det er laga ei artsliste for kvar av lokalitetane slik at ein kan sjå kva artar som er registrert i lokalitetane i 2016.

Lokalitetane er skildra i eit perspektiv fram mot 2022, dvs. innanfor ein 5-års periode.

Planen inneheld ei prioritert tiltaksliste på kva areal NIBIO meiner bør ha meir fokus enn andre, kjerneområda. I kjerneområda ligg også lauvengene, desse areala var både slått og lauva.

Innspel og spørsmål:

- Det vart stilt spørsmål ved om ein er kjend med botanisk kartlegging som var gjort på 1980-talet. Arbeidet med skjøtselsplan er basert på m.a. bakgrunnsstoffet frå verneplanprosessen og ein går ut frå at ein har fanga opp alle relevante kjelder.
- Det vart stilt spørsmål ved kva ein legg i « Tjødnabakkane », samstundes som det vart presisert at Tjødnabakken er bakken frå Storatjødni og ned, medan Halvgjengebakkane er lenger ned. Jf. kap. 7.1 lokalitetsnamn.
- I skjøtselsplanen er det føreslått å stenge ute beitedyr frå slåttemarka på Dulsete ved bruk av elektrisk gjerde. Det vart peikt på at dette ikkje vil halde ute alle beitedyr, t.d. angus.
- Det elektriske gjerdet på Dulsete er ferdig, jf. s. 81, 82 og 83 i planen bør dette skrivast om til « ..var ikkje teke i bruk i 2016 ».
- Det kom innspel om at ein ved slått på Knivabakkgjerdet gjerne kan ta ut meir av trea i randsona til gjerdet. Dette er også føreslått som tiltak i skjøtselsplanen, samstundes som ein må vere merksam på, og ta omsyn til utfordringar med erosjon.
- Det vart peikt på at brua ved Knivabakkgjerdet tidlegare stod nedanfor hengebrua som er der i dag, og at ein burde ha sjekka ut kva som skal til for å få lagt brua til den gamle staden. Det vart samstundes gjort merksam på at det er delte meiningar om plasseringa av brua. Elva har endra seg dei siste åra, ho har m.a. stått heilt opp til løa på Knivabakkgjerdet, og det er ikkje nokon god eigna stad for brua lenger ned om ho skal realiserast av omsyn til kostnader.
- I skildringa av slåttemarka på Dulsete kom det innspel om at ein bør synleggjere eigedomsgrensene i kartfigurane av omsyn til evt. tilskot.
- Ein stilte spørsmål ved kvifor delar av arealet på Dulsete er kartlagt som naturbeitemark og ikkje som slåttemark, då det har stått lør i arealet som er merka som naturbeitemark. Ein meiner arealet har vore slåttemark tidlegare. NIBIO viste til at dette har med verktøyet dei som kartleggarar må halde seg til i dag, men at arealet etter kvart vil kunne omklassifiserast til slåttemark etter nokre år om ein får fram dei rette artane i arealet som viser at området har hevd som slåttemark.
- Det vart også peikt på at det det verkar urettferdig at nokon har avtale om slått mot kompensasjon for arbeidet. SNO presiserte at avtalane om tiltaka som vert gjort på



- Knivabakkgjerdet og Dulsete har kome i gang med bakgrunn i initiativ for grunneigarane sjølve og at det ikkje er noko i vegen for at fleire grunneigarar tek initiativ til slike tiltak.
- Det vart vist til at ein kunne nytta verktøyet Gardskart (tidlegare Skog og Landskap, no NIBIO), der ein kan sjå kva areal som er definert som slåttemark. NIBIO opplyste om at m.a. dette verktøyet er nytta.
 - Det vart stilt spørsmål ved kor ofte skjøtselsplanane skal reviderast. NIBIO peika på at ein normalt tilrår at slike planar vert revidert etter fem år. Ved ein revisjon vil det vere mogleg å få med det som planen evt. ikkje femner om i dag.
 - Det vart stilt spørsmål ved om steinstolpane i kartfiguren over slåttemarka på Dulsete (kap. 7.4.4 s. 81) var korrekt teikna inn og om dei bør vere med i figuren.
 - Det vart vist til kap. 7.5.2 første tiltak «Auke beitetrykket i heile Mørkridsdalen (også på vestsida av elva) innan ein femårsperiode, med vekt på å auke tal storfe på beite.», og ein peikte på at ein meiner det er defensivt å føreslå «auka beitetrykk». NIBIO viste til at tiltaket er føreslått ut frå kva som er ønskjeleg sett frå eit fagleg perspektiv og kva som er ønska ut frå verdiane som er i dalen.
 - I forlenginga av spørsmålet ovanfor kom det innspel om at ein ikkje kan kome utanom geiter på beite.
 - Det vart stilt spørsmål ved kva koden T32 C4 knytt til slåttemark tyder, og kvar ein finn denne systemet. NIBIO viste til at dette er ein naturtype klassifisert etter systemet Naturtypar i Norge (NIN), og at dette er ei teoretisk tilnærming som er særleg interessant for forvaltninga å kjenne til i høve oppfølging av områda med bevaringsmål osv.
 - Det vart gjort merksam på at Åsete er nemnt under Bolstad-Heltne gardane i lokalitetsskildringa av DALEN – NATURBEITEMARK (NY) (s. 100), og at Åsete ikkje høyrer med der. Det vart også gjort merksam på at Sveidøla heiter Trågrovi i nedre delar (sett frå Dalen) og at buforvegen er teikna feil inn i figuren på s. 102. Det er ønskje om å få stipla buforvegen rett inn.
 - Det vart også peikt på at ein ved slått av tistel på Dalen sist sommar gjorde det på ein annan måte enn det som er tilrådd i skjøtselsplanen, men at ein meiner metoden fungerer slik det vart gjort: Ein slo med ljå i starten av august. Tistlane hadde sett blomsterstengel og var i byrjande blomst. Ein la tistlane i ein haug. Tistlane rakk ikkje skyte ny blomsterstengel, og hadde ikkje slått frø då dei vart slått. NIBIO peika på at dette nyttar på Dalen, då poenget er at tistlane ikkje kjem i ny knopp. Lågare i terrenget ville kanskje tistlane kunne vore avblomstra på same tida. Ei anna side ved utfordringa med tistel er at frøbanken kan leve opp til 13 år. Dersom tiltaket fungerer slik det er gjort, er det fint.
 - Det vart stilt spørsmål ved kor stort beitetrykk frå kyr områda tåler. NIBIO viste til at det er rekna på foreiningar i denne typen beitemarker, og vil ettersende nærare informasjon.
 - I høve kapitlet om haustingsskogen vart det stilt spørsmål ved kva ein meiner med kjerneområde 3, delområde 1 og 2 osv. Dette er ikkje forklart i kartfigurane.
 - Det vart stilt spørsmål ved at ein i planen tilrår at ein i samarbeid med viltforvaltninga bør setje bestandsreducerande mål for hjort. Hjort er også ein del av biomangfaldet, og nedskyting er ikkje nødvendigvis positivt. SNO opplyste om at det er gjort tiltak mot denne typen beiteskader ved at ein pakkar almane inn med netting.
 - Det vart stilt spørsmål om bråtebrann er eit aktuelt skjøtselstiltak mot uønska artar?



- Det vart peikt på at vernet har vore positivt for Mørkridsdalen då det har vore lagt ned mykje ressursar på buforvegen.

I oppsummeringa understreka nasjonalparkforvaltaren at planen viser at skjøtsel, både tidlegare og noverande, er eit gode for naturmangfaldet, då den dokumenterer at skjøtselstiltaka i Mørkridsdalen har positiv effekt. Vi ser at verdien er auka i tre av dei skildra lokalitetane. Det er skildra 17 nye lokalitetar i planen, 11 av desse har fått verdi A (nasjonalt viktig) eller B (regionalt viktig).

Det er den tidlegare og noverande bruken og skjøtselen av områda som gjer at kulturlandskapet i Mørkridsdalen er i ei særstilling med dei høge naturverdiane.

I høyringa ønskjer vi særleg innspel på avsnitta om «lokalisering» og «Skjøtselsbehov og prioritert tiltaksliste». Dei føreslåtte tiltaka er basert på innspel frå grunneigarane og andre interesserte frå oppstarten av arbeidet med skjøtselsplanen.

Planen gir råd for restaurering og skjøtsel, og råda baserer seg på den tidlegare bruken og kunnskapen om området som ein m.a. har frå MONA-prosjektet.

Det er føreslått ei rekkje aktuelle tiltak i skjøtselsplanen. NIBIO tilrår vidareføring av pågåande tiltak og aktivitet, og nye tiltak. I alt dette arbeidet er vi avhengig av godt samarbeid med grunneigar. I høve iverksetting av nye tiltak er vi også avhengig av tilstrekkelege ressursar. Dvs. at det truleg vil måtte gjerast ei prioritering av kva nye tiltak ein skal starte på, avhengig av budsjettløyvingar og personressursar.

Om område/lokalitetar/stølar ikkje er nemnde i planen, tyder ikkje det at det ikkje er aktuelt å gjere tiltak andre stader. Det som er forankra i planen er prioritert, men i tilsvarande område med særskilte behov bør det kunne gjennomførast tilsvarande tiltak.

Ein kan også kome med innspel til andre tiltak (utanom skjøtselstiltak). Kvar haust handsamar nasjonalparkstyret tiltaksplan dvs. prioriterer kva tiltak det skal setjast av midlar til neste år (Bestillingsmøte) og vi tek gjerne imot innspel til nye tiltak, helst før november kvart år.

Skjøtselsplanen vil bli lagt ut på høyring over påske, med ein høyringsperiode på to månader, alle interesserte har høve til å kome med skriftlege innspel, gjerne per e-post.

Med helsing

Eldrid Nedrelo
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Adresseliste

Namn

Gunn Tove Nyheim
Kjartan Kvien
Kjell Einar Ormberg
Knut Vidar Svanheld
Jon Andreas Heltne
Per-Arvid Hauge
Terje A. Gudmundsson
Håvard Moen
Kristen Sverre Flohaug
Knut Stokkenes
Andreas Wiese
Johannes Hauge
Harald Vatne
Tage S. Moen
Halvard Johan Bolstad
Arne Rebni Øverås
Jarle Bolstad
Einar Galde
Aina-Elise B. Stokkenes
Inger Moe
Marit Aakre Tennø
Bolette Bele
Liv Byrkjeland
Eldrid Nedrelo

e-post

gunn.tove.nyheim@bnet.no
kjakvi@online.no
Kjell-Einar@Outlook.com
post@utmarksplan.no
heltne90@hotmail.com
perarvi@online.no
terje.gudmundsson@gmail.com
haav_mo2@online.no
ksflo@online.no
knut-st@online.no
andreas@leanfish.no
e-kollse@online.no
hav@online.no
[tag-m@online.no](mailto>tag-m@online.no)
halvard@skjolden.info
arne@amundsgarden.com
jarlebol@online.no
einargal@live.no
AinaBolstad@outlook.com
inger.moe@luter.kommune.no
marit@nynorsk.no
bolette.bele@nibio.no
liv.byrkjeland@miljodir.no
fmsfene@fylkesmannen.no